

Verkemiddel i logo

Val av font

Val av font (skrifttype) er svært viktig når du lagar ein logo. Forskjellige fontar kan gi heilt forskjellig inntrykk, spørsmålet er korleis bedrifta ønskjer å bli oppfatta. Enkle, reine og meir tradisjonelle fontar kan for eksempel gi eit meir seriøst inntrykk enn meir leikne fontar. Finn ut kva du ønskjer å formidle. Dersom du har ein figur med i logoen, må fonten også passe til han.

ADVOKATENE SMITH AND JONES AS

Advokatene Smith and Jones AS

Val av fargar

Val av fargar er også viktig når du skal lage ein logo. Fargar får oss til å reagere både fysisk og psykisk. Vi får assosiasjonar til fargar. Bruk av raudt og gult gir ein sterk effekt, det er fargar som kan assosierast med fare eller spenning, det blir lagt merke til. Samtidig er dei fargane brukte av velkjende merke, for eksempel McDonald's, og kan dermed gi assosiasjonar til «kjapt og billeg». Kvit farge kan assosierast med reinleik, særleg i kombinasjon med kjølige fargar som grønt og blått. Lyse pastellfargar gir for eksempel eit lettare inntrykk enn mørke fargar, og ein logo i svart-kvitt vil ha ein annan effekt ein ein med klare, sterke fargar. Vurder kva assosiasjonar du ønskjer for din logo.

Fest og gøy AS

Fest og gøy AS

Plassering

Plasseringa av namn og figur i forhold til kvarandre er det viktig å tenkje gjennom. Skal figuren stå over, attmed eller under? Prøv ut forskjellige alternativ.

Storleiksforhold

Storleiken på figuren og namn i forhold til kvarandre har også betydning. Er namnet viktigast, eller er det figuren som skal dominere? Prøv ulike løysingar og vurder kva du synest er det beste resultatet.

Etterlikning

Logoen kan symbolisere innhaldet til ordet. Her fortel forma på bokstaven D («dog») noko om ordet han danner.

